

Rettleiing


Skjemaet «Sett elg» gir oss viktige opplysningar om utviklinga i elgbestanden. Dette er verdifull hjelp for å få ei god elgforvaltning. Du og observasjonane til jaktlaget ditt er viktige i dette arbeidet. Ver derfor nøye med å fylle ut «Sett elg»-skjemaet **kvar dag**, også dei dagane jaktlaget jaktar utan å sjå elg.

Viktige punkt ved utfylling:

- I kolonnen "talet på timar laga jakta" talet på til føre timar jaktlaget faktisk brukte til observasjon. Dersom 4 jegerar har jakta i 6 timar, skal det føres 6 timar i rubrikken "talet på timar laget jakta" og 4 i rubrikken "talet på jegerar".
- I kolonnane "ku med 1 kalv" og "ku med 2 kalvar" blir berre førte talet på kyr.
- I kolonnen "alle kalvar" blir førte både kalvar set saman med kyr og einslege kalvar.
- Alle direkte observasjonar av elg skal førast, uavhengig av om elgen er sett tidlegare same dag av same jeger, eller av andre jegerar i jaktlaget.
- Berre direkte observasjonar av setja dyr skal takast med og berre observasjonar gjort under ordinære jakt dagar.
- Valdansvarleg må bidra til at jaktlaget fyller ut skjema kvar dag.


Aldersbestemmelse av skoten elg

Dette skjemaet kan ikkje brukast for andre hjortedyr.



Kalv, ca. ½ år

Elgen har første hausten som kalv berre 4 kinntenner i kvar kjevehalvdel (1, 2, 3, 4). Dei 3 første tennene er mjølketenner, og tann nr. 3 er på dette alderssteget tredelt (a, b, c).



1 1/2 år (seint utvikla)

Når elgen er 1 ½ år, har han om hausten oftast 6 kinntenner i kvar kjevehalvdel, men det førekjem særleg i september at tann nr. 6 enno ikkje er komen opp or tannkjøtet. Da vil heller ikkje dei varige tennene 1, 2 og 3 ha brote gjennom tannkjøtet, og dei gamle, slitne mjølketennene sit att på toppen av dei varige tennene. Dersom dette er tilfellet, er tann nr. 3 framleis tredelt.


Sette hjort

Registrering av sette hjort gir forvaltninga ei betre oversikt over utbreiinga av hjort og kor stor bestanden er i område der arten er nyleg etablert eller førekjem spreidd. Eige «Sett hjort»-skjema nyttast i område der òg hjort blir jakta på under elgjakta.

Sette rovdyr


Bestandane av dei store rovdyra har i det siste auka i ein del område. I forvaltninga av både hjortevilt og rovdyr vildet vere viktig å få auka kunnskap om bestandane av gaupe, jerv, bjørn og ulv.

* Her blir ført det samla talet rovdyr som vart sett under elgjakta. Berre direkte synsobservasjonar blir tekne med.



1 ½ år (tidleg utvikla)

Under gode vilkår, og særleg i oktober, er det normalt at 1 ½-åringen har 6 synlege kinntenner, og at dei 3 fremste er nye og kvite. Tann nr. 3 vil da vere todelt (a, b).



2 ½ år og eldre

Når elgen er 2 ½ år og eldre, blir aldersbestemminga meir etter skjøn med denne metoden. Hos ein 2 ½-åring er dei 3 første kinntennene ubetydeleg slitne,* men det avheng noko av næringstilhøva. Alle dyr kan likevel aldersbestemast nøyaktig ved snitting av tannrota, og ein får fram åringar som på eit tre.